

# **Vurderingskriterium til SKULEREGLANE**

**NORHEIMSUND FRISKULE**



## **Kriterium for fastsettning av karakter i orden og åtferd ved Norheimsund Friskule.**

På Norheimsund Friskule vil me at born og vaksne skal trivast og ha det godt. Alle har rett til å bli behandla med respekt. Foreldra og føresette har rett til hjelp frå skulen i opplærings- og oppsedingsarbeidet. Elevane har rett til å bli møtt med omsorg, kjærleik og rettleiing slik at kvar einskild får ei god mogning og utvikling. Etter kapittel 12 i Opplæringslova, som og gjeld friskular, har elevane rett på godt psykososialt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Me ønskjer og at elevane skal lære å ta vare på Skaparverket og verta bevisste dei globale miljøutfordringane. Reglane for orden og åtferd på side tre og fire er sette for å prøve å nå målsetjingane, og er grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd, jf. forskrift til Privatskolelova § 6-5.

Elevar på ungdomstrinnet skal ha vurdering med karakter (God, Nokså god, Lite god), på barnetrinnet skal det gjevast vurdering utan karakter, jf. § 6-4 i forskrift til Privatskolelova.

Den enkelte faglærar eller den som har tilsyn i friminutta er ansvarleg for å føre regelbrot i fråværsprotokollen. Klasselærarråd fastset karakter til halvårvurderinga og til standpunkt i orden og i åtferd, etter ei samla vurdering av korleis eleven følgjer regelverket, jf. «Skuleregler for Norheimsund Friskule», § 6. Dersom eleven rettar seg etter skriftleg varsel om fare for nedsetjing av karakter, skal ikkje karakteren setjast ned.

Dette dokumentet er ei kortutgåve/forenkling av «Skulereglane ved Norheimsund Friskule», og skal nyttast i undervegsvurderinga, halvårvurderinga og sluttvurderinga i orden og i åtferd.

*Dokumentet er tilpassa «SKULEREGLAR FOR NORHEIMSUND FRISKULE», og er vedteke i styret november 2024.*

## REGLAR OG VURERINGSKRITERIUM FOR FASTSETJINGA AV ORDENSKARAKTER

ORDENSREGLAR	GOD ORDEN	NOKSÅ GOD ORDEN	LITE GOD ORDEN
Har med nødvendige bøker og undervisningsmateriell	Eleven har med det som blir kravd til undervisninga	Eleven gløymer ofte bøker og utstyr som skulle vore med til undervisninga	Eleven manglar svært ofte nødvendig utstyr til undervisninga
Gjer lekser og leverer skulearbeid til rett tid	Eleven gjer dei leksene han skal og leverer skulearbeid til den tid som er avtalt	Eleven gjer ofte ikkje lekser/mangelfulle lekser, leverer skulearbeidet for seint, eller leverer ikkje i det heile	Eleven gjer stort sett ikkje lekser, leverer ikkje det som skulle vore levert, sjølv etter påminning
Møter presis	Eleven møter presis til timane og morgonsamlingane	Eleven kjem ofte for seint til timane eller morgonsamlingane	Eleven kjem svært ofte for seint til timane eller morgonsamlingane
Møter til undervisninga	Eleven er ikkje borte frå skulen utan særskilde grunnar	Eleven er ofte borte frå skulen utan særskilde grunnar	Eleven er mykje borte frå skulen, utan særskilde grunnar
Dokumenterer fråværet	Eleven/føresette sender SMS, e-post eller skriv melding dersom eleven er sjuk eller av annan grunn ikkje kjem på skulen. Føresette søker og om fri i god tid dersom det er planlagt fråvær frå skulen	Eleven/føresette har mangefull dokumentasjon på fråværet. Føresette søker for seint/søkjer ikkje om fri i samband med planlagt fråvær	Eleven/føresette leverer stort sett ikkje dokumentasjon på fråværet
Arbeider godt i timane	Eleven er aktivt med på det faglege som skjer i timane	Eleven deltek lite i den faglege aktiviteten som skjer i timane	Eleven gjer få faglege aktivitetar i timane
Held orden i klasserommet	Eleven har ryddig pult, hyller og deltek aktivt i ordenselevsoppgåvane	Eleven har mykje rot på pulten, i hyller og rundt seg. Gjer lite av ordenselevoppgåvane	Eleven har veldig mykje rot rundt seg og deltek ikkje i ryddearbeidet
Bruker mobiltelefon og datautstyr slik skulen har bestemt	Eleven følgjer reglane om mobil- og databruk	Eleven bryt ofte reglane om mobil- og databruk	Eleven bryr seg ikkje om reglane om mobil- og databruk
Går ut i friminutta	Eleven er ute i dei friminutta skulen har bestemt	Eleven må ofte ha melding om at det er utefriminutt	Eleven må som oftast «jagast» ut.

## REGLAR OG VURERINGSKRITERIUM FOR FASTSETJINGA AV ÅTFERDSKARAKTER

ÅTFERDSREGLAR	GOD ÅTFERD	NOKSÅ GOD ÅTFERD	LITE GOD ÅTFERD
Viser respekt og omsorg for alle	Eleven viser respekt og omsorg for alle	Eleven handlar nedlatande ovanfor andre	Eleven viser ikkje respekt og omsorg for andre
Er høfleg, ærleg og hjelksam	Eleven er høfleg, ærleg og hjelper andre	Eleven er ofte uhøfleg og lite hjelksam, og er av og til uærleg	Eleven er uhøfleg, uærleg og lite hjelksam
Uroar ikkje medelevar og lærarar	Eleven uroar ikkje andre	Eleven uroar ofte medelevar og lærar med høgt snakk, vandring rundt og anna uroleg åtfert	Eleven uroar stort sett medelevar og lærarar med uroleg åtfert
Tek vare på bøker, utstyr, inventar og skulebygningen	Eleven tek vare på det han får utevert, utstyr i klasserommet og skulen generelt	Eleven fer stygt med bøker og utstyr han får utevert, ting i klasserommet og skulebygget generelt	Eleven øydelegg bøker og utstyr han får utevert, han er uforsiktig med utstyr i klasserommet og skulebygget generelt
Retter seg etter det som vert sagt	Eleven rettar seg etter det som vert sagt og det som er vedteke	Eleven bryr seg ikkje i særleg grad om det som vert sagt eller reglar som gjeld	Eleven bryr seg ikkje om det som vert sagt og det som er vedteke
Snakkar ikkje nedsetjande om andre, banner ikkje	Eleven har ei høfleg og akseptabel språkføring	Eleven har til dels grovt språk, og snakkar ofte nedsetjande om andre	Eleven har eit uakseptabelt språk, banner og snakkar nedsetjande om andre
Fjuskar ikkje, eller prøver å fjuske på prøvar og innleveringar	Eleven fjuskar ikkje	Eleven fjuskar av og til, eller prøver å fjuske på prøvar og innleveringar	Eleven blir gjentekne gangar teken for fjusk eller forsøk på fjusk utan at han tek lærdom av det
Bruker ikkje rusmiddel, tobakk eller snus	Eleven bruker ikkje rusmiddel, tobakk eller snus i skuletida	Eleven bruker av og til tobakk eller snus i skuletida	Eleven bryr seg ikkje om reglane om rusmiddel, tobakk eller snus i skuletida
Seier frå til vaksne dersom nokon blir mobba eller noko anna alvorleg skjer	Eleven seier frå til vaksne dersom han veit at nokon blir mobba, eller at det har skjedd noko anna alvorleg	Eleven bryr seg lite om å seie frå til vaksne dersom nokon blir mobba eller det skjer andre ting som vaksne bør vite om	Elever bryr seg ikkje om å varsle vaksne når det skjer alvorlege ting med andre
Forlet ikkje undervisninga	Eleven møter til undervisninga og forlét ikkje klassen/skulen utan at det er avtalt med lærar på førehand	Eleven forlét av og til klassen og skulen utan at det er avtalt på førehand	Eleven forlét ofte klassen og skulen utan at det er avtalt på førehand
Skal ikkje vere valdeleg eller kome med truslar	Eleven er ikkje valdeleg og trugar ikkje	Eleven kan vere oppfarande og til dels valdeleg, eller kjem med truslar	Eleven er oppfarande og ein opplever han som trugande/valdeleg, eller kjem med sterke truslar
Har ikkje med farlege gjenstandar eller våpen på skulen	Eleven har ikkje med farlege gjenstandar eller våpen på skulen\	Eleven har med farlege gjenstandar eller våpen trass tilsnakk	Eleven bryr seg ikkje om reglane om å ikkje ta med farlege gjenstandar eller våpen